


# ÅRSRAPPORT | 20 Trygg Trafikk Vestland | 21



TRYGG TRAFIKK



**REGIONLEIAR**

Knut Olav Røssland Nestås

**Telefon:** 41 20 61 32

**E-post:** nestas@tryggtrafikk.no

**Adresse:** Postboks 7900  
5020 Bergen



**Medarbeidar**

Audun Heggstad

(ca. 50 % på pensjonistvilkår)




**Medarbeidar**

Kjell Magne Seim

**TRYGG TRAFIKK I VESTLAND**

Trygg Trafikk sitt arbeid i Vestland byggjer på *Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018–2021*, Trygg Trafikk sin strategi for 2018–2025 og handlingsplan for 2018–2019, i tillegg til fylkeskommunen sitt eige planverk for trafikktryggingsarbeidet.

Regionleiar Knut Olav Nestås har kontor plass i Bergen og leiar Trygg Trafikk sitt arbeid i fylket. Den andre kontorstaden til Trygg Trafikk i Vestland er Leikanger. Trygg Trafikk sine faste tilsette i Vestland fylke er lønte av Trygg Trafikk, medan aktivitetsmidlar, utgifter til kontorhald og reiseutgifter vert dekte av Vestland fylkeskommune.



**ÅRSRAPPORT VESTLAND 2021**

REDAKTØR: Knut Olav Nestås

KORREKTUR: Nye Tillen

DESIGN: October Design AS

FRAMSIDEBILDE: Kjøsnesfjorden i Jølster, Trygg Trafikk

[www.tryggtrafikk.no](http://www.tryggtrafikk.no)

**INNHALD**

Dette er Trygg Trafikk .....4  
 Omkomne i vegtrafikken .....5  
 Trygge og sikre barn.....6  
 Trafikksikker ungdomstid .....8  
 Tryggleik for fotgjengarar og syklistar .....9  
 Systematisk trafikktryggingsarbeid.....10  
 Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtfærd .....11  
 Økonomi og finansiering .....12  
 Framtidige behov og moglegheiter.....13

Trygg Trafikk sitt samfunnsoppdrag er å arbeida for **best mogleg trafikktryggleik for alle**. Trygg Trafikk står i ei særstilling ved å vera **den einaste aktøren som berre arbeider med trafikktryggleik**.

**SAMARBEIDSPARTNARAR**

Trygg Trafikk har i løpet av eit år dialog og samarbeid med ei rekkje aktørar i Vestland, til dømes dei ulike nødetatane, Vestland fylkeskommune, Statens vegvesen, Vegtilsynet, kommunane, DNK, forsikringsselskap og fylkesavdelingane til frivillige organisasjonar som MA, NAF, KNA, Raudekrossen, Personskadeforbundet, SLF, NCF og NFF, for å nemna nokon.

**MEDLEMAR**

- Alver kommune
- Aurland kommune
- Austevoll kommune
- Austrheim kommune
- Bergen kommune
- Bjørnafjorden kommune
- Bømlo kommune
- Eidfjord kommune
- Fitjar kommune
- Høyanger kommune
- Kinn kommune
- Kvam herad
- Kvinnherad kommune
- Lærdal kommune
- Sogndal kommune
- Solund kommune
- Stad kommune
- Sveio kommune
- Vaksdal kommune
- Øygarden kommune
- Årdal kommune
- Vestland fylkeskommune

**TRAFIKKSİKRE KOMMUNAR I VESTLAND**

Austrheim, Høyanger, Gloppen, Vaksdal, Kvinnherad, Bømlo, Kvam og Årdal er godkjende. Solund, Stord, Stad, Bjørnafjorden og Lærdal er i prosess.



# Dette er Trygg Trafikk

Trygg Trafikk sitt samfunnsoppdrag er å arbeida for best mogleg trafikktryggleik for alle. Trygg Trafikk står i ei særstilling ved å vera den einaste aktøren som berre arbeider med trafikktryggleik.

**M**e syter for at trafikkopplæring og informasjon om trafikktryggleik når ut til barnehagar, skular og resten av befolkninga. Målet er å få folk til å ta klokare val i trafikken. Gjennom konseptta Trafikksikker kommune, Trafikksikker barnehage og Trafikksikker skule bidreg me med rådgjeving, struktur og tiltaksplanar for å skapa auka trafikktryggleik. Trygg Trafikk jobbar også med haldningskampanjar og med å få trafikantar til å bruka trafikktryggingsutstyr. Trafikantane sin kompetanse vil ha stor innverknad på trafikktryggleiken i mange år framover.

### Samarbeidspartnar og pådrivar nasjonalt og lokalt

Trygg Trafikk fungerer som bindeledd mellom frivillige aktørar og offentlege myndigheter nasjonalt og lokalt. Organisasjonen møter i Kontaktutvalet for trafikktryggleik (KTS) og har ansvar eller delansvar for 35 tiltak i Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2018–2021. Trygg

Trafikk sine distriktsleiarar har ei sentral rolle i det kommunale og fylkeskommunale trafikktryggleiksarbeidet.

### Nettverksbyggjar og medlemsorganisasjon

Trygg Trafikk er ein ideell, landsdekkjande medlemsorganisasjon. Trygg Trafikk byggjer nettverk og samarbeider med medlemsorganisasjonane om politiske saker som har innverknad på trafikktryggleiken. Medlemar i Trygg Trafikk er i hovudsak kommunar, fylkestrafikktryggleiksutval (FTU), bedrifter og andre landsdekkjande organisasjonar.

### Finansiering

På nasjonalt nivå vert Trygg Trafikk finansiert over statsbudsjettet og gjennom frie midlar og prosjektkjøp frå Finans Norge og forsikringsselskapa. Lokale aktivitetar rundt om i landet vert finansierte gjennom tilskot frå fylka.



## Ti omkom i trafikken i Vestland i 2021

Historisk sett er ti omkomne i Vestland eit lågt tal, sjølv om det er noko høgare enn året før, då sju omkom. Men det er viktig å hugsa på at 2020 var eit år med det lågaste talet omkomne i tidlegare Sogn og Fjordane og Hordaland – no Vestland – sidan i alle fall 1960. Likevel er det vanskeleg å snakka om dette som ei positiv utvikling når me framleis veit at så mange som ti omkom i Vestland i fjor.

Talet på hardt skadde er ikkje kjent enno, men erfaringstal frå tidlegare år tyder på at det skal liggja ein stad mellom femti og åtti. Det syner omfanget på utfordringa me står overfor, utan at me enno har grunnlag for å seia omfanget på underrapporteringa av hardt skadde, som me veit er ei tilleggsutfordring. Når me veit kva

konsekvensar ei trafikkulykke fører med seg, er det også klart at alle krefter må halda fram det viktige førebyggjande trafikksikringsarbeidet. Målsetjinga vår må vera å førebyggja trafikkulykker ut frå ein tanke om at trafikken er ein fellesarena for oss alle, ein arena me er avhengige av for å fungera som einskildmenneske og som samfunn. Difor vert det desto meir urettvist og meningslaust når så mange trafikkulykker skjer, og det utgjer framleis ei omfattande samfunnsutfordring når me ser samla på skadestatistikken og talet på omkomne.




## TRYGG TRAFIKK SINE HOVUDOMRÅDE

Trygg Trafikk har frå 2018 ein ny strategi som gjeld for 2018–2025.

I strategien peikar me ut fem hovudområde:

1. Trygge og sikre barn
2. Trafikksikker ungdomstid
3. Tryggleik for fotgjengarar og syklistar
4. Systematisk trafikktryggingsarbeid
5. Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd

OVERSIKT TAL PÅ OMKOMNE PER FYLKE I 2021



## 1 Trygge og sikre barn

**OVERORDNA MÅL:** Ingen barn omkjem eller vert hardt skadde i trafikken.



► I 2021 omkom 0 barn i trafikken i Vestland. Talet på trafikkulykker med barn er kraftig redusert dei seinare åra, og Trygg Trafikk vil bidra til å oppretthalda den positive utviklinga, også for nye generasjonar. Det er framleis trong for stor innsats for å klara dette. Me har liten kunnskap om skadetal for barn som mjuke trafikantar. Trafikktryggleik for barn er dei vaksne sitt ansvar.

Trygg Trafikk sørgjer for å gje trafikopplæring til barn og unge gjennom utdanningssystemet. Det gjeld også barn, unge og vaksne frå land med ein annan trafikkultur. Me oppmodar til systematisk trafikopplæring av to grunnar: I eit kort-siktig perspektiv skal barn læra kva som er sikkert, og kva som er farleg, slik at dei unngår ulykker. I eit langsiktig og førebyggjande perspektiv er det viktig å etablera gode vanar og skapa ein god tryggleikskultur.

Mange barn vert feilsikra i bil og buss, og mange opplever skulevegen som utrygg. Det er ei utfordring at trafikktryggleik ikkje alltid inngår som ein naturleg del av samarbeidet mellom heim, barnehage og skule. Trygg Trafikk er ein pådrivar for at barn skal vera trygge og sikre i trafikken. Me vil at myndigheitene skal leggja større vekt på omsynet til barn og unge i planlegginga av transportsystemet, både nasjonalt, regionalt og lokalt.

Det skjedde mykje godt arbeid gjennom året som gjekk, trass i at smittevernomsyn og covid-19 sette ein dempar på mange av dei planlagde fysiske aktivitetane, særleg første halvår 2021. Viktige satsingar har vore å gjera Barnas Trafikkklubb og Sykkeldyktig.no betre kjende i barnehagar og skular. Her følgde me opp den tidlegare kampanjen med utsending av bøker til alle barnehagar, med ny informasjon om klubben i 2021. Me har særskilt satsa på å gjera tilboda godt kjende i barnehagar som er i prosess for å bli trafiksikker barnehage. Dette har me gjort mellom anna ved omfattande utlevering av materiell og rettleiing til barnehagar i Bjørnafjorden kommune, så vel som å ha eit digitalt informasjonsmøte for styrarar og andre i Solund og Lærdal, som også er i prosess.

Mange barnehagar jobbar godt med trafikk som tema, og me rettleier og hjelper til både gjennom utsendingar til alle og ved å svara dei når dei ber om tips og råd. Hjertesone-prosjektet heldt fram i 2021. Trass i utfordringar med gjennomføring av synfaringar grunna smittevernomsyn har ein oppnådd gode resultat. 57 av 66 skular har no ein trafiksikringsplan klar, samtidig som det er gjennomført

tiltak ved 45 av 66 skular og 39 av 66 har opna hjertesoner. Utover hausten vart det jobba med å få ein sluttrapport klar og samtidig sett i verk eit prosjektevalueringsarbeid i regi av Transportøkonomisk institutt. Rapportane er klare tidleg i 2022. Også nye skular utanfor Bergen har vist interesse, og me veit no om arbeid ved skular i kommunane Stord, Luster, Bømlo, Sunnfjord, Alver, Sogndal og Voss. I tillegg har fleire kommunar ambisjonar om å få fleire av skulane sine til å jobba systematisk med Hjertesone framover, mellom anna Bjørnafjorden og Kvinnherad. Trygg Trafikk vil halda fram med å orientera om Hjertesone som eit godt, systematisk og veileigna tiltak for skulane. Elles har me også jobba vidare for å gjera Sykkeldyktig.no kjend blant skular og lærarar. I vår gjennomførte me ei digital samling om læringsportalen for lærarar og andre ressurspersonar, og me har i løpet av året sendt ut informasjon til skular.

42 av 43 kommunar har gjeve skulane sine tilgang til Sykkeldyktig.no ved å inngå ein databehandlaravtale og opna for Feide-innlogging for lærarane. I tillegg gjennomførte me Refleksjakta for femteklassingar i Vestland, der me kåra vinnarar av både ein fotokonkurranse og ei innsam-



▲ Skulestartaksjon ved Salhus skule i august 2021. Foto: Trygg Trafikk.

ling av flest refleksar. Skodvin Montessoriskule i Alver vann konkurransen, med Bjordal skule i Høyanger som ein god nummer to og Skram skule i Kinn som nummer tre. I tillegg vann Dale skule i Vaksdal og Florø skule premiar for gode refleksbilete. Me var ute på dei ulike skulane og markerte vinnarane skikkeleg, noko som vart godt motteke av både elevar og lærarar!

Ved skulestart pleier me vanlegvis å ha fleire skulestartaksjonar, men me reduserte litt på omfang og trykk grunna covid-19. Me gjennomførte ein koordinert skulestartaksjon ved Salhus skule, saman med mellom anna politiet, Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune. Me har også halde fram samarbeidet med NCF om sykkelopplæring i skulen, kalla Sykkeldyktig.no. Trygg Trafikk bidreg med læringsressursar, no primært gjennom Sykkeldyktig.no. Her har me møtt på utfordringar sidan Bergen kommune ikkje har opna for portalen enno. Ei utfordring me jobbar vidare med i 2022. Elles bør det nemnast at me hadde mange aksjonar i løpet av både våren og hausten: først og fremst med sykkel som tema om våren og refleks om hausten. Avslutningsvis vil me nemna den jamlege kontakten me har med skular, foreldregrupper og andre i løpet av eit år. Her tilbyr me

undervisningsopplegg, relevante aktivitetar knytte til refleks og sykkel (med tilhøyrande støtte til materiell) og rettleiing kring gode rutinar og foreldresamarbeid. Mykje av dette kjem gjennom vanlege førespurnader, men me sikrar også dette gjennom utsendingar i samband med sykkelsesongen, skulestart og reflekssesongen.

**Trafikk vil halda fram med å orientera om Hjertesone som eit godt, systematisk og veileigna tiltak for skulane. Elles har me også jobba vidare for å gjera Sykkeldyktig.no kjend blant skular og lærarar.**

## 2 Trafikksikker ungdomstid

**OVERORDNA MÅL:** Færre ungdomar omkjem eller vert hardt skadde i trafikken



► Færre ungdomar i alderen 15–24 år har omkome eller vorte hardt skadde i trafikken dei siste åra. Likevel er ungdom, spesielt unge bilførarar, framleis høgt representerte på ulykkesstatistikken. I arbeidet mot nullvisjonen er ungdom ei viktig målgruppe. Ungdom vert eksponerte for trafikkfarlege situasjonar på fleire måtar. I byane vel unge ofte kollektivtransport, og dei går eller sykklar framfor å køyra bil. I distrikta er bilen viktigare. Det er mange som brukar bil til skule og aktivitetar, og i ein del miljø er bilen ein viktig hobby. Dei som er opptekne av bil, køyrer meir enn andre og er dermed potensielt meir utsette for ulykker. Trygg Trafikk har to tilnærmingar i ungdomsarbeidet. Hovudsatsinga er opplærings-tiltak i skulen. Desse tiltaka er retta mot alle. Hensikta med tiltaka er å styrkja den gode åtferda. I tillegg er det nødvendig å retta spesielle tiltak mot dei mest risikoutsette ungdomane.

2021 vart eit hektisk år for ungdomsarbeidet vårt, sidan me på grunn av smittevernomsyn måtte tenkja heilt nytt kring gjennomføring. Mange av arrangementa me gjennomfører i eit normalår, er nettopp fysiske arrangement der det er eit poeng å møtast ut frå eit førebyggjande perspektiv. Likevel fekk me gjennomført tre store arrangement retta mot russ og avgangselevar våren 2021. Først ut var foreldremøte for russen i februar, leia og koordinert av opplæringsavdelinga i fylkeskommunen. Her var det om lag 2500 påmelde digitalt. Seinare kom det digitale russetoget gjennomført torsdag 29. april, med vel 1500 påmelde russ. Det digitale russetoget hadde ei heildigital gjennomføring, og opplegg kring konkurransar på førehand. På torsdag 29. april var det ei direktesending frå gymsalen ved Amalie Skram videregående skole, med god oppslutnad frå mellom anna politiet, Vestland fylkeskommune, helsesjukepleiarar og mange inviterte gjester, deriblant Trude Drevland.

På nyåret spelte me òg inn ein trafikksikringsfilm som erstatning for det årlege arrangementet i Grieghallen. Her fortel mange trafikkskadde og pårørande om konsekvensane ved trafikkulykkene. Filminga vart gjennomført over ein periode på eit par månader, og filmen var klar for sending til skulane i midten av april. Me oppmoda skulane om å visa han til elevane så tett opp mot russetida som mogleg, gjerne fredag 30. april. Det følgde òg eit enkelt undervisningsopplegg saman med filmen, med nokre refleksjonsoppgåver. Alle dei 57 vidaregåande skulane i Vestland fekk tilbod om å gjennomføra opplegget. Skular vart bedne om å ta kontakt for å få tilsendt lenkje til opplegget, og me var i kontakt med om lag 35 vidaregåande skular som stadfesta at dei

skulle gjera dette. Det har i tillegg vore jobba med nyin-ninga [www.vestruss.no](http://www.vestruss.no) som verkemiddel for nå ut til både foreldre og russen sjølv. Nettsida vart mellom anna nemnd på foreldremøtet og i det digitale russetoget. Kort kan det òg nemnast at me gjennomførte digital nettverkssamling for lærarar i valfaget trafikk, med om lag 40 deltakarar frå Vestland. Om hausten hadde me tilsvarande fysiske nettverkssamlingar i Bergen og Sogndal, her òg med vel 40 deltakarar. Det er utvikla nytt læringmateriell med Feide-innlogging for ungdomsskulane, der 35 av 43 kommunar har opna opp. Materiellet er mest aktuelt for valfaget trafikk, men kan også nyttast i andre fag.



▲ Det digitale russetoget i april 2021. Foto: Trygg Trafikk.

## 3 Tryggleik for fotgjengarar og sykklistar

**OVERORDNA MÅL:** Det skal verta tryggare å sykla og gå.



► Det er ei nasjonal satsing at fleire skal gå og sykla, og målet er at dette ikkje skal føra til fleire ulykker. Det er mange utfordringar som gjer det krevjande å oppnå dette. Mange vegar er ikkje tilrettelagde for gåande og syklande. Mange sykklistar brukar ikkje sykkelhjelm, sjølv om det reduserer risikoen for alvorleg hovudskade. Refleksbruken blant fotgjengarar er framleis for låg, noko som gjev auka risiko for påkøyringar. Trygg Trafikk følgjer nøye med i ulykkesutviklinga og formidlar kunnskap om tryggleik for fotgjengarar og sykklistar. Me er ein pådrivar for at tilgjengeleg ulykkesstatistikk gjev eit rett bilde av risikonivået, og for at personskadeulykkene på sykkel vert rapporterte.

Det vart gjort eit omfattande arbeid knytt til auka bruk av tryggingstutstyr også i 2021. Dei sentrale aktivitetane knytte seg særleg til sykkelhjelm om våren og refleks og sykkellys om hausten. Sykkelhjelmarbeidet var i hovudsak retta mot ein digital kampanje i samarbeid med Trygg Trafikk sentralt og med ei målretting i sosiale medium mot målgrupper i Vestland. Me hadde òg innspeling av fleire SoMe-filmar om sykkelhjelm og trafikksikker sykling saman med Tryg Forsikring, som gjekk både i deira og våre eigne kanalar.

Om hausten gjekk det mykje tid med til refleksarbeid, både i form av refleksaksjonar, utsending av om lag 20 000 refleksar, Refleksjakta, reflekssteljingar og sjølve Refleksdagen. I 2021 hadde me eigne markeringar både i Sogndal og i Bergen. Me hadde òg fleire sykkellysaksjonar, med montering av sykkellykter og eit par gladkontrollar saman med politiet. I løpet av året var me òg i kontakt med mange om desse tematikkane, og me ønskjer å støtta oppvekstinstitusjonar, lag og foreiningar med lågterskel-

aktivitetar i eigen regi. Både gjennom å rettleia, tipsa om ulike lærings- og aksjonsaktivitetar og å støtta dei med utsending av materiell og mindre innkjøp ved behov. Dette er tema som skapar mykje engasjement i store delar av fylket, og me ønskjer å vera ein god sparringspartner og rettleiar for lokale initiativ.

**Dei sentrale aktivitetane knytte seg særleg til sykkelhjelm om våren og refleks og sykkellys om hausten.**

## 4 Systematisk trafikktryggingarbeid

**OVERORDNA MÅL:** Kommunar og fylkeskommunar arbeider systematisk med trafikktryggleik.



► Kommunar og fylkeskommunar har eit viktig ansvar for innbyggjarane sin trafikktryggleik, mellom anna som veg-eigar, skuleeigar og arbeidsgjevar. Trafikktryggleik er eit tverrfagleg område, og samordning av arbeidet er ei utfordring. Trafikksikker kommune og Trafikksikker fylkeskommune er godkjeningsordningar utvikla av Trygg Trafikk. Kriteria byggjer på eksisterande lovverk og er ei hjelp for kommunar og fylkeskommunar til å systematisera trafikktryggingarbeidet på tvers av sektorar. Folkehelsearbeidet er sentralt i kommunar og fylke, og det er naturleg å knyta trafikktryggleik til det ulykkesførebyggjande helsearbeidet.

Det vart jobba med eit omfattande systematisk pådrivararbeid i 2021, med særleg vekt på både å delta i arbeids-/referansegrupper i samband med rullering av kommunale trafikksikringsplanar og å gje innspel til nye planar. Målet er å sikra at planane famnar breitt og inkluderer tiltak retta mot trafikantretta arbeid, og særskilt tiltak som Trafikksikker kommune og Hjartesonene. I tillegg vart det gjeve innspel til fylkesvise planar som *Regional transportplan* og nytt handlingsprogram for trafikktrygging der Trygg Trafikk har delteke i arbeidsgruppa og det pågåande arbeidet. I løpet av året signerte Stad intensjonsavtale om å bli ein Trafikksikker kommune, medan Austrheim, Kvinnherad og Gloppen vart regodkjende i løpet av året.

Me hadde òg fysisk markering for Kvam herad som Trafikksikker kommune i heradstyret 9. november. Målet er at mange av kommunane som i 2021 eller 2022 får vedteke nye trafikksikringsplanar, i løpet av dei neste åra inngår intensjonsavtalar om å bli trafikksikker kommune og kjem i gang med godkjeningsprosessen. Her ser me at mange kommunale trafikksikringsplanar no gjev god von for dei komande åra.



▲ Regodkjenning av Austrheim kommune som trafikksikker kommune i juni 2021. Foto: Trygg Trafikk.

## 5 Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd

**OVERORDNA MÅL:** Trafikktryggleiken i samfunnet må betrast.



► Talet på alvorlege trafikkulykker er sterkt redusert, men me er framleis eit godt stykke unna nullvisjonen om at ingen skal omkoma eller verta alvorleg skadde i trafikken. Trafikantane si åtferd er ei medverkande årsak til dei fleste dødsulykker. Dette gjeld særleg ruskøyning, høg fart og manglande førardyrktigheit. Distraksjonar har vorte eit aukande problem i trafikken. Trygg Trafikk arbeider målretta for at myndigheiter, næringsliv, organisasjonar og enkeltpersonar skal ha eit bevisst forhold til tryggleik, og for at dei skal vera motiverte til å ta sikre val i trafikken.

Trygg Trafikk er vanlegvis med på mange store og små arrangement i løpet av eit kalenderår. 2021 vart eit merkeleg år, med første halvår prega av nedstenging og andre halvår prega av attpning og mange førespurnader om å vera med på aksjonar og liknande. Sjølv tok me konsekvensane av smittevernomsyn og gjorde dei årlege storarrangementa minnemarkeringa (som normalt sett vert gjennomført i februar) og Trafikktryggleiksdagen i august heildigitale. Det gjorde me gjennom eit samarbeid med Amedia og hadde kampanjar ute i ei rekkje lokalaviser i Vestland, særleg knytt til budskap om førebyggjande åtferd i trafikken. Barn i bil-teljningane i samarbeid med Utrykkingspolitiet vart utsette frå våren til hausten,

men vart til slutt gjennomførte. Tilsvarande fekk me òg til fleire undervisningsoppdrag for mellom anna blinde og svaksynte, vidaregåande skular, Keolis, flyktninghjelpa på Askøy, rettleiingstenesta i Vestland fylke, og dessutan stand til dømes på arrangement i regi av SafeBikely, Trafikksikringskonferansen i Vestland og i samband med Smalahovesleppet på Voss, som dei siste åra har satsa på å ha ein eigen del av arrangementet retta mot trafikktryggleik for barn. Mykje av den utetterretta verksemda vår hadde ikkje vore mogleg å prioritera i same omfang om det ikkje var for framifrå innsats frå aktive pensjonistar me er så heldige å kunna bruka, i form av Audun Heggstad, Arne Aase og Kjell Sandal.



▲ Trafikksikringskonferansen i Vestland er ein viktig møtearena i løpet av eit år Foto: Trygg Trafikk.

## Økonomi og finansiering

Trygg Trafikk utarbeider ein felles årsrekneskap for heile organisasjonen. Inkludert i dette er Trygg Trafikk sine totale inntekter og kostnader i 11 fylke og i organisasjonen sentralt. BDO AS reviderer årsrekneskapen, og Trygg Trafikk sitt styre og landsmøte godkjenner.

Trygg Trafikk sin regionleiar og seniorrådgjevar i Vestland vert lønte av Trygg Trafikk sentralt. I rekneskapen ligg midlar frå Vestland fylkeskommune som dekkjer tiltak i fylket, reiser og kontorhald. I tillegg har Bergen kommune gjeve ei prosjektstøtte på til saman 500 000 kr knytt til Hjarteson-arbeidet i 2021.

Rekneskapen syner at dei samla aktivitets- og driftsmidlane for alle tiltak utanom prosjektmidlar for Hjarteson stort sett er gjorde opp med minimalt meir- og mindreforbruk etter nokre omdisponeringar mot slutten av året. Det vart gjort nokre omdisponeringar for å retta opp i eit meirforbruk på aktivitet 2, som var noko større enn dei andre postane. Det skuldast i hovudsak gjennomføring av digitale aktivitetar kring russetida som var meir kostnadskrevjande

enn dei fysiske arrangementa me opphavleg hadde budsjettert for. For Hjarteson-prosjektet er mindreforbruket større. Det er fleire grunnar til det. Norconsult hadde ein kontrakt for prosjektkoordinering i 2021 og hadde brukt nokre færre timar i løpet av året enn det som låg i avtalen. I tillegg var opphavleg plan at Transportøkonomisk institutt skulle ha fakturert for heile rapporten i 2021. Til slutt enda det derimot med at nokre av desse kostnadane gjekk over på 2022. Mindreforbruket er – etter at dette er gjort opp – om lag 150 000 kr. Midlane vil anten bli disponerte til nye tiltak i Hjarteson-arbeidet eller bli overførte tilbake til løyingsnivåa Vestland fylkeskommune og Bergen kommune avhengig av kva løyingsnivåa sjølve melder tilbake at dei ønskjer. Samla mindreforbruk er likevel minimalt, med berre nokre tusenlappar att samla sett for aktivitetane 1–5 og 99.

Aktivitetar	Overført fra 2020	Inntekter 2021	Kostnader 2021	Saldo 2021 blir overført til 2022
1 - Trygge og sikre barn	-64 429	288 000	-223 202	369
2 - Trafikksikker ungdomstid	-37 954	757 000	-717 534	1 513
3 - Tryggleik for fotgjengarar og syklistar	-72 938	550 949	-469 606	8 405
4 - Systematisk trafikktryggingsarbeid	70 289	375 255	-445 147	396
5 - Betre trafikktryggleik og trafikksikker åtferd	38 780	30 000	-61 372	7 408
22 - Russ og vgs	150 000	-150 000	-	-
23 - Sykkel	-11 663	11 663	-	-
24 - Trafikksikre kommuner	-	6 745	-6 745	-
92 - Hjerteson	212 473	750 000	-672 464	290 009
99 - Reise, kontor og administrasjon	62 906	300 000	-376 890	-13 984
<b>TOTALT</b>	<b>347 464</b>	<b>2 919 612</b>	<b>-2 972 960</b>	<b>294 115</b>

## Framtidige behov og moglegheiter

Det me ser kanskje størst trong for å gjera noko med på kort og mellomlang sikt, er å styrkja samhandlinga mot kommunane med særleg vekt på det lokale trafikksikringsarbeidet. Her er det fleire gode koplingar som er viktige, mellom anna rettleiing i det daglege arbeidet så vel som innspel knytte til prosessar som trafikksikringsplanar, Trafikksikker kommune og Hjarteson. Vestland fylkeskommune og Trygg Trafikk jobbar med desse problemstillingane alt i dag, men det kan vera føremålstenleg å



vrdera ei prosjektorganisering her for å styrkja arbeidet ytterlegare. Det er òg viktig med insentiv for kommunane til å bli godkjende som trafikksikker kommune, mellom anna i form av tilskot både til ikkje-fysiske og fysiske trafikksikringstiltak. Utover 2022 vil Trygg Trafikk saman med Vestland fylkeskommune vrdera om det er nye grep me kan gjera for å styrkja satsinga, som til dømes kan forankrast i nytt handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland.



*Det er viktig med insentiv for kommunane til å bli godkjende som trafikksikker kommune, mellom anna i form av tilskot både til ikkje-fysiske og fysiske trafikksikringstiltak.*





Noreg er framleis det mest trafikksikre landet i verda. Det norske trafiktryggingsarbeidet fungerer, og verda ser til den norske samarbeidsmodellen for inspirasjon.

Det har me all grunn til å vera stolte av, men me kan ikkje senka skuldrene og la trafiktryggleik verta ein salderingspost.

Dei politiske måla fram mot 2030 er ambisiøse og vil krevja forsterka innsats og modige val. Trygg Trafikk vil framleis vera ein pådrivar for å sikra at trafiktryggleik vert prioritert.

*Jan Johansen*  
*direktør i Trygg Trafikk*



---

**TRYGG TRAFIKK VESTLAND**

Postboks 7900  
5020 Bergen

Tlf.: 41 20 61 32  
nestas@tryggtrafikk.no

**TRYGG TRAFIKK**

Tullins gate 2  
Postboks 277 Sentrum  
0103 Oslo

Tlf.: 22 40 40 40  
hovedkontor@tryggtrafikk.no  
www.tryggtrafikk.no